



## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Øyvind Tolleshaug	Gbnr-168/16	19/349

Saksnr	Utval	Type	Dato
056/21	Formannskapet	PS	08.06.2021

**Flytebrygge ved gnr. 168, bnr. 16 ved fergekaien. Klage på ny handsaming av saka.**

**Vedlegg:**

Flytebrygge ved gnr. 168, bnr. 16 ved fergekaien. Ny handsaming.  
Rammeløyve til å legga ut flytebrygge ved gnr. 168, bnr. 16 ved fergekaien.  
Klage på vedtak om utplassering av flytebrygge sak 012\_21 Formannskapet  
Wiken sine bilde  
Brev til Nygård om eventuelle merknader til klage  
sak 012\_21 Kommentar frå Nygård

**Saksutgreiing:**

Formannskapet gjorde følgjande vedtak i sak 008/20 :

*Jorunn Nygård får løyve til å legga ut flytebrygga på 2,3 x 5,1 m, og å bygga landfeste og gangbru frå land i samsvar med plan kommunen sende til naboen 7/8-19. Løyvet gjeld på gnr. 168, bnr. 16. Forankring av bryggja mot sør og vest må utførast slik at det ikkje hindrar båtar som til dømes tilhøyrer eigarar av bnr. 28 og bnr. 78 å koma ut i hamnebassenget. Hovudinnhaldet i vedtaket er det same som i sak 026/19. Saka går til fylkesmannen for avgjerd.*

Fylkesmannen oppheva vedtaket i brev datert 18. mai 2020.

Formannskapet handsama saka på nytt som sak 012/21 den 9. februar i år. Følgjande vedtak vart gjort :

*I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20 og § 20-4 og § 21-4 i plan-og bygningslova, gjer formannskapet følgjande vedtak : Jorunn Nygård får rammeløyve til å legga ut flytebrygga på 5,3 x 2,3 meter, bygga landfeste og gangbru frå land og forankringar i samsvar med plan motteke i kommunen 8. desember 2020. Løyvet gjeld på gnr. 168, bnr. 16.*

**Vilkår for løyvet :**

*Hovudlodd skal vera 4 meter frå piren og minimum 5 meter av kjetting mellom flytebrygge og hovudlodd skal liggja på sjøbotnen ved fjære sjø.*

*Formannskapet ber administrasjonen om at dei går i dialog med Statens Vegvesen om at det vert satt opp eit skilt som gir forbod mot fortøyning på forlenginga av piren. Samrøystes vedteke*

Arent Wiken har klaga på dette vedtaket.

Arent Wiken har ein tinglyst rett til å fortøya ein båt på 50 fot på innsida av piren til fergekaien. Han



# Fedje kommune

meiner at flytebrygga til Nygård er til hinder for tilflotten for ein båt på 50 fot. Klagen er udatert men er levert innanfor klagefristen på 3 veker. (Vedtak sendt 18/2-21, klage motteke 11/3-21. )

Tiltakshavar Agnar og Jorunn Nygård har fått høve til å kommentera klagen.

Wiken skriv mellom anna i klagen :

Flytebrygga vart lagt ut i august 2019, før søknaden var handsama i kommunen og medan båten "Teri" framleis låg ved kai. Dette gav oss høve til å dokumentera kor trang innseglinga er med både båt ved fergekaien og flytebrygge. Vi har ikkje bilde av flytebrygga med båt.

Det er oppgitt i saksutgreiinga at det er 11 meter mellom fergekai og flytebrygge.

På innsida av fergekaien ligg det fendar som gjer opninga smalare. Ytterst på kaien måler desse 55 cm. Fendrane avset merker/farge på båt, så det vert ofte nytta blåser mellom båt og fendar.

Båten "Teri" som låg ved kai store delar av 2019 er 42 fot lang og 6 meter breid. Ein ordinær 50 fots båt som vist på vedlagde bilde er 5 meter breid. Det er ikkje mulig å snu ein slik båt på innsida av piren.

Båten må bakka ut. Med ein 50 fots båt med 5 meters breidde, er det ikkje mulig å koma ut når det ligg båt på innsida av kaien og flytebrygge med båt på motsatt side.

Eigar av gnr. 168 nr. 16 har ein båt liggjande ved fiskerikaien på eigedommen sin. Sjå vedlagde bilde. Den er lengre enn flytebrygga. Dersom denne båten, eller andre båtar vert liggjande ved flytebrygga, vil dette redusera opninga ytterlegare. Det at det ligg båtar ved flytebrygga er ein naturleg del av føremålet med flytebrygge. Kommunen må då ta med dette, og dei innsnevringane dette gjer i passasjen og tilfottsmulighetene for naboeigedomane, i sine vurderingar.

Det er ikkje sett begrensninger på båtstørrelse ved flytebrygga.


Nygård la ut brygga utan løyve. Han har teke den opp og den ligg ikkje ute no.

Wiken sin kommentar om at innseglinga er smalare enn 11 meter pga fender på piren, er korrekt. Eg kan ikkje sjå at dette endrar situasjonen vesentleg.

Her har eg teikna inn eit rektangel på 17 x 5 meter for å illustrere kor stor båt Wiken har rett til å ha ved kaien. Det seier seg sjølv at då kan det ikkje ligge andre båtar ved piren.



# Fedje kommune



Wiken har levert eit bilde som syner når båten "Teri" ligg ved piren. Flytebrygga til Nygård ligg på bildet om lag i den posisjonen det er søkt om løyve til. Wiken opplyser at "Teri" er 42 fot lang og 6 meter brei. Det vil sei 8 fot kortare enn båten Wiken har rett til å fortøya ved piren. "Teri" er ein meter breiare enn båten Wiken har nytta som døme på aktuell båt for førtøyningsretten sin.



Wiken opplyser at "Teri" låg ved kai store delar av 2019. "Teri" er ein arbeidsbåt.

Når "Teri" har nytta piren som kai med Nygård si flytebrygge lagt ut, kan det ikkje vera noko problem for Wiken å nytta piren på same vis.

At "Teri" i 2019 hindra Wiken i å nytta retten sin, er eit privatrettsleg problem.

Etter Wiken sin klage kan eg ikkje sjå at kommunen skulle ha avvist å handsama søknaden i medhald av § 21-6 i plan- og bygningslova. Eg kan heller ikkje sjå at det er grunn til å endra vurderinga



kommunen gjorde i sak 012/23 i høve til § 29-4 i plan og bygningslova.

**Forslag til vedtak:**

Formannskapet står fast på vedtaket i sak 012/21 den 9. februar i år. Saka går til statsforvataren som klageinstans.

**Formannskapet - 056/21**

**F - behandling:**

**F - vedtak:**

Formannskapet står fast på vedtaket i sak 012/21 den 9. februar i år. Saka går til statsforvataren som klageinstans.

Samrøystes vedteke.